



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 22.05.2013
Tid: 17:00 – 19:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Ordfører	H
Agnar Aarskog	Varaordfører	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Lars Ove Rimmereid	Medlem	SP
Harald Rydland	Medlem	KRF

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Kristin Meland	Møtereferent
Bente Bjelland, i sak PS 38/13 og 44/13	Kultur- og informasjonssjef
Trond Salmo	Økonomisjef
Anne Berit H. Johansen i sak PS 45/13	Helse- og sosialsjef

Wenche Tislevoll
Ordfører

Agnar Aarskog

Harald Rydland

Kristin Meland
Møtereferent

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 36/13	Godkjenning av protokoll	
PS 37/13	Meldingar	
PS 38/13	Økonomisk stønad til Fitjarfestivalen 2013.	
PS 39/13	Organisering og forvaltning av Opplysningsvesenets fond (OVF)	
PS 40/13	Rimbareid skule. Korrigerering av nedbetalingsplan	
PS 41/13	Fartsgrense E-39	
PS 42/13	Finansforvaltningsrapport 1. tertial 2013	
PS 43/13	Årsrekneskap for Fitjar kommune 2012	
PS 44/13	Årsmelding 2012	
PS 45/13	Løyve til kjøp av omsorgstenestetilbod.	X
PS 46/13	Søknad om fritak frå eigedomsskatt	X
PS 47/13	Ymse	

PS 36/13 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokoll frå sist møte.

Behandling i Formannskapet - 22.05.2013:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 37/13 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingane til vitande.

Behandling i Formannskapet - 22.05.2013:

I tillegg til oppsette meldingssaker orienterte rådmannen om;

1. Brev frå IMDI med forespørsel om mottak av flyktningar, 10 stk., til hausten.
Formannskapet har tidlegare drøfta saka og skulle handsame dette i formannskapet våren 2013.
2. Interkommunal legevakt Stord, Fitjar, Bømlo kommune.
3. Tilsagn på lån, 36,3 mill.
4. Dokken i Årskog. Det skal vera styremøte i Fitjar kraftlag og Midtfjellet vindkraft AS neste uke for avklaring.
5. Inneklimarapport på skular og barnehagar. Små merknader på luft i Øvrebygda skule og i Fjellheim barnehage, elles er rapporten bra. Rimbareid Barne- og ungdomsskule er ikkje med i rapporten grunna ombygginga.
6. Budsjettutfordringar for 2013 – og 2014.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 38/13 Økonomisk stønad til Fitjarfestivalen 2013.**Framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Behandling i Formannskapet - 22.05.2013:

Utdelt i møtet

Oversikt over samarbeidspartnarar.

Ordførar Wenche Tislevol (H) kom med slikt framlegg:

Fitjar kommune stettar Fitjarfestivalen med kr. 50.000,-, Summen vert å ta av tilleggsøyvingar.

Vedtak: (Samrøystes)

Fitjar kommune stettar Fitjarfestivalen med kr. 50.000,-. Summen vert å ta av tilleggsøyvingar.

PS 39/13 Organisering og forvaltning av Opplysningsvesenets fond (OVF)**Framlegg til vedtak:**

Fitjar kommune stør oppropet frå Vefsn kommune, og sluttar oss til dei 5 kulepunkta i brevet.

Fitjar kommune vil i tillegg føye til eit ekstra kulepunkt:

OVF bør etablera ei forvaltning som gir betre kommunikasjon med lokalsamfunna, og raskare og rimeligare saksbehandling.

Behandling i Formannskapet - 22.05.2013:

Rådmannen kom med slikt framlegg til tilleggspunkt 7:

Eventuelle inntekter ved tomtesal, ekspropriasjon m.v. bør i større grad nyttast til nødvendig vedlikehald og utbetring av avgjevande eigedom.

Formannskapet drøfta saka og går for framlegget til Vefsn kommune samt rådmannen sine 2 tilleggsforslag (pkt 6 og 7) med slikt:

Vedtak: (Samrøystes)

1. OVF i alt for stor grad tar omsyn til kva som gir maksimal profitt for fondet.
2. OVF må ta meir omsyn til kva som er gunstig for samfunnet, og dermed også det som er gunstig for festarane av fondet sine eigedommar.
3. OVF sin kapital må i større grad forvaltast slik at det kjem kommunane og deira innbyggjarar til gode.
4. OVF må også kunna brukast til rehabilitering og ivaretaking av kyrkjene.

5. § 106 i Grunnlova må endrast slik at fondet tek meir omsyn til tomtefestarane og øvrige samfunnsmessige forhold.
6. OVF bør etablera ei forvaltning som gir betre kommunikasjon med lokalsamfunna, og raskare og rimeligare saksbehandling.
7. Eventuelle inntekter ved tomtesal, ekspropriasjon m.v. bør i større grad nyttast til nødvendig vedlikehald og utbetring av avgjevande eigedom.

PS 40/13 Rimbareid skule. Korrigering av nedbetalingsplan

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Investeringsramma for Rimbareid skule vert auka med kr 2,1 mill i 2013, og redusert med kr 2,0 mill i 2014.

Låneramma vert endra tilsvarande, og teke inn i samband med revidert budsjett.

Behandling i Formannskapet - 22.05.2013:

Ordførar Wenche Tislevoll er ugild i saka, då ho er gift med eigar i Engevik & Tislevoll. Representanten gjekk frå møtet, det var ikkje kalla inn vararepresentant.

Representanten Agnar Aarskog (AP) tok over som setteordførar i saka.

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes – 4 røyster)

Investeringsramma for Rimbareid skule vert auka med kr 2,1 mill i 2013, og redusert med kr 2,0 mill i 2014.

Låneramma vert endra tilsvarande, og teke inn i samband med revidert budsjett.

PS 41/13 Fartsgrense E-39

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune har ikkje merknader til forslaga som gjeld Ådland bru og Valestrand. Den permanente fartsgrensa på ny veg forbi Engevik må vera 80 km.

Kommunen viser elles til brev av 6 mars 2013 som gjeld fartsgrense Vistvik – Engevik. Me kan ikkje kommentera øvrige forslag, men føreset at dei ikkje fører til endra fartsgrenser i Fitjar kommune

Behandling i Formannskapet - 22.05.2013:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 42/13 Finansforvaltningsrapport 1. tertial 2013

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre tek finansforvaltningsrapporten til vitande.

Behandling i Formannskapet - 22.05.2013:

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Fitjar kommunestyre tek finansforvaltningsrapporten til vitande.

PS 43/13 Årsrekneskap for Fitjar kommune 2012

Framlegg til vedtak:

Fitjar formannskap rår Fitjar kommunestyre til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre godkjenner årsrekneskapen for Fitjar kommune 2012 .
Fitjar kommunestyre set av årets mindreforbruk på kr 597.142,38 til disposisjonsfond.

Behandling i Formannskapet - 22.05.2013:

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Fitjar kommunestyre godkjenner årsrekneskapen for Fitjar kommune 2012 .
Fitjar kommunestyre set av årets mindreforbruk på kr 597.142,38 til disposisjonsfond.

PS 44/13 Årsmelding 2012

Framlegg til vedtak:

Fitjar formannskap rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre godkjenner Fitjar kommune si årsmelding for 2012.

Behandling i Formannskapet - 22.05.2013:

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes):

Fitjar kommunestyre godkjenner Fitjar kommune si årsmelding for 2012.

PS 45/13 Løyve til kjøp av omsorgstenestetilbod.

PS 46/13 Søknad om fritak frå eigedomsskatt

PS 47/13 Ymse

Framlegg til vedtak:

Behandling i Formannskapet - 22.05.2013:

Representanten Lars Ove Rimmereid (SP) hadde spørsmål om Fitjar kommune var representert på årsmøte i Fitjar Kraftlag. Ordfører orienterte om at Arne Prestbø representerte Fitjar kommune.

Ordfører orienterte om:

1. Folketalsauke i kommunen, vi nærmer oss 3000 og ordføreren vil markere dette.
2. Film frå Fitjar kommune på TV Haugaland. Dei skal lage 3-4 ulike filmar om Fitjar, næringslivet betalar dette i form av annonser, Fitjar kommune får «intro» og «outtro». Her kan og Fitjar kommune ha stillingsannonser.
3. Samarbeidsrådet ønskjer utgreiing om sak på kommunestruktur.
4. Næringsplan – det blir sendt ut invitasjon til kick-off-samling 5 juni på Fitjar fjordhotell. Atheno er med som rådgiver. Formannskapet blir oppmoda til å delta på samlinga. Atheno blir nytta som konsulent i arbeidet med strategisk næringsplan.
5. Trafikksikringsplan. Har hatt møte med Akvator som er tildelt arbeidet. Arbeidsgruppa er no på plass.
6. Fjerning av tre ved Håkonar Terrasse etter henvending frå bebuararane. Fitjar kommune har, som eigar, fått gjort ei visuell trevudering av parktre i dette området. Utifrå denne har Håkonar Terrasse fått løyve til å 3. Fitjar kommune tar på seg trepleie på resten av trea.
7. Tematur til Romsa i regi av Friluftsrådet Vest 26. juni. Tema vert Smedholmen og verningsplan. Invitasjon vil bli sendt til formannskapet.

Vedtak: